

# NORDHORDLANDS BESTE

## Her er turistattraksjonane!

I dag presenterer me dei fire siste kandidatane til tittelen Nordhordlands beste turistattraksjon, og opnar avstemminga.



Av Anne-Lise Nordpoll  
anne-lise@strilen.no

I serien Nordhordlands beste, skal me denne månaden kåra beste turistattraksjon. Sist torsdag kunne du lesa at Bjørn West-museet, Tusenårsstaden på Flolid, Gulen Dykkarsenter og


Lynghesenteret er med i finalen. På desse sidene avslører me resten av kandidatane. Kven som til slutt stikk av med sigeren er opp til deg. Frå og med i dag kan du stemma fram kandidatane på Strilen sine nettsider. Avstemminga finn du ved å klikka på den blå boksen på på kategorien «Beste». Her finn du også meir infor-

masjon om konkurransen og tidlegare vinnarar. Avstemminga vert open til og med onsdag 31. august, og vinnaren vert kåra kort tid etter dette.

ut her for å oppleve. Utsikta frå  
fyret er berre heilt fantastisk, seier  
Agotnes, som også kjenner mange  
av historiene som er knytt til fyret.  
– Ei av dei handlar om bes-  
tefaren til Kåre Norum. Dei som  
har levd ei stund, veit godt kven  
fyret ligg på ein holme for seg  
Agotnes, som hjelper turistane  
– Ei natt på fyret er ei eksotisk  
oppleving uansett vær, seier Trond  
sløy. Båtturen over fjordane er  
Fyret ligg på ein holme for seg  
som kjem til Fedje.  
er verd eit besøk.  
foret er dei ikkje i tvil om at fyret

da Asbjørn Ystebø lanserte  
ideen om å flytta ei heil  
kyrkje frå prærien i USA til ei  
lita bygd på Radøy. Men han  
fekk bygda med seg, og 4. juli  
1997 vart Emigrantkyrkja på  
Skinnposar.  
jarar. Da kan borna meinom  
sentral.  
– Emigrantkyrkja, dei  
andre bygningane og alle  
og





## Hellisøy fyr - eksotisk i havgapet

Stad: Fyr og fyrvaktarbustad i Fedje kommune.

Type attraksjon: Spesiell overnattingsmulegheit.

I 2004 kåra den britiske avisa «The Observer» verdas 15 beste stader å besøka. Hellisøy fyr kom med på lista, og på det lokale turistkontoret er dei ikkje i tvil om at fyret er verd eit besøk.

– Ei natt på fyret er ei eksotisk oppleving uansett vær, seier Trond Ågotnes, som hjelper turistane som kjem til Fedje.

Fyret ligg på ein holme for seg sjølv. Båtturen over firsundet tek ikkje mange minutt, men værforhalda gjer at det ofte er betre å gå med båt frå Fedje hamn. Med havet som nærmaste nabo må ein vera førebudd på røffe forhold, men fyret har overlevd vind og vær sidan det vart bygd i 1853-54 og er solide saker.

– Dette er eit av to støypejerns-fyrtårn her i landet. Fyret ruvar 32,8 meter over bakken og er bygd opp av 35.000 murstein, kan Ågotnes fortelja. Fyrvaktarbu-staden er nyoppussa og den er godt besøkt.

– Eg er faktisk på veg tilbake med båten no, etter å ha skyssa eit følgje med strilar over, seier Ågotnes på telefon, medan måsane skrik i bakgrunnen. Og dei som tek turen ut på fyret får koma tett på naturen.

– På fyret er det verken radio eller fjernsyn, men det er heller ikkje nødvendig på ein slik stad.

Her er det naturen som byr på underhaldninga. Det er godt med plass på holmen, og gode forhold for små som har lyst til å gå på skattejakt og fiska, men mange synest nok det er stort berre å vera der og nyta stilla og havet. Å få vera aleine på ein holme ute i havet er spesielt og det er ofte det folk reiser ut her for å oppleva. Utsikta frå fyret er berre heilt fantastisk, seier Ågotnes, som også kjenner mange av historiene som er knytt til fyret.

– Ei av dei handlar om bestefaren til Kåre Norum. Dei som har levd ei stund, veit godt kven Norum er. Han er kjent som ernærings ekspert frå fjernsynet og har vore utom og besøkt fyret. Bestefaren hans var fyrvaktar her ei tid og medan han budde her opplevde dei mellom anna at lynet slo ned i fyret og smelta gullklokka hans, seier Ågotnes.

Sidan besøkande til fyret er avhengige av båtskyss, må besøk avtalast på førehand.

– Me organiserer vanlegvis ikkje transport ut med mindre folk skal overnatta, men fyret er godt besøkt. Folk kjem både frå fjern og nær for å sova her. Me har hatt alt frå strilar og engelskmenn til italienarar på overnatting her, fortel Ågotnes.

På fyret kan både einskildpersonar, familiar og små grupper overnatta. Fyrvaktarbu-staden har sengeplass til opp til ti personar og fyret er ope for overnattingsgjestar frå 1. mai til 1. september.

## Vestnorsk utvandringssenter - ein smak av Amerika

Stad: På Sletta i Radøy  
Type attraksjon: Museum

Mange rista nok på hovudet då Asbjørn Ystebø lanserte ideen om å flytta ei heil kyrkje frå prærien i USA til ei lita bygd på Radøy. Men han fekk bygda med seg, og 4. juli 1997 vart Emigrantkyrkja på Sletta tatt i bruk. Seinare har fleire bygningar kome etter. No består museet av fem gamle præriehus i tillegg til kyrkja.

– Utvandringa til Amerika har hovudfokus på hjå oss, men me arbeider også med migrasjon og kultur møter generelt, seier Ida Dyrkorn Heierland.

Ho er avdelingsleiar på Utvandringssenteret som er ein del av museumssenteret i Hordaland.

Senteret er blant dei største turistattraksjonane i Nordhordland og godt besøkt.

– Me har opplevd ein fin auke i besøket, og i den seinare tid har me også begynt å jobba mot nye grupper. Tidlegare har me nådd best ut til vaksne, men no arrangerer me også familiedagar og andre aktivitetar retta mot born og

unge, seier Dyrkorn Heierland.

På neste familiedag skal folk få prøva seg som nybyggjarar. Då kan borna mellom anna besøka indianartelt, skyta med pil og boge, laga reiskapar av stein og sy skinnposar.

I tillegg til å vandra rundt på området til senteret og sjå på bygningane, kan besøkande også sjå ei permanent utstilling i kjellaren, delta på tema-kvelder og andre arrangement i løpet av året. I år er mellom anna opninga av Knarvikmila lagt til utvandringssenteret der Heimalanne skal ha utandørskonsert. Kvar sommar arrangerer senteret også sin eigen Utvandringssfestival med ulike aktivitetar for små og store, foredrag, festmiddag med meir.

– Me jobbar stadig med å utvikla senteret vidare. Akkurat no jobbar me mykje med planane om eit nytt visningsbygg, som mellom anna kan husa utstillingar, bibliotek, kontor, café og museumsbutikk i tillegg til magasin. Me meiner det er avgjerande for vidare vekst.

Det vert også jobba med å utvikla undervisningsopplegg for skulane i Nordhordland der kontakt mellom skular her heime og i USA står sentralt.

– Emigrantkyrkja, dei andre bygningane og alle andre gjenstandar og materielle levningar som er samla ved senteret er viktige. Dei gamle gjenstandane, og miljøet me har plassert dei i, gjev oss sterke impulsar til tankar om fellesskap mellom tider og folk, men også om at ting og omgivnader stendig endrar seg. Noko av det vi har rundt oss lever vidare, noko anna blir ruiner eller samleobjekt og får ny mening på den måten. Utvandringssenteret fungerer i dag som ein levande møteplass både sosialt og kulturelt; det er blitt en del av lokalsamfunnet og det sosiale rommet på Sletta. Mange har langt ned ein enorm dugnadsinnsats for Utvandringssenteret, og utan denne innsatsen hadde me aldri vore der me er i dag, seier ho.